

# PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE BERGEN HF

**STAD:** Finstuen, Bikuben konferansesenter

**MØTETIDSPUNKT:** 30.05.2018, kl. 10.00 – 15.00

Styreseminar for styremedlemer frå kl. 15.00 – 17.00

**Tema:** Mottaksmodellen og Selskap føretaket har eigardelar i

Styremøte var ope for publikum og presse til styresak 62/18, etter dette blei møtet lukka.

---

## DELTAKARAR FRÅ STYRET

Svein Gjedrem	Leiar
Signy Midtbø Riisnes	Nestleiar
Mona Hellenes	Styremedlem
Anne-Margrete Bollmann	Styremedlem
Bjørn Østbø	Styremedlem
Rolf Martin Tande	Styremedlem
Karen Anne Stordalen	Styremedlem
Irene Hopsdal	Styremedlem
Arvid Langeland	Styremedlem
Linda Gangstøe	Varamedlem

## FORFALL

Per Karlsen	Styremedlem
Geir Arne Sunde	Styremedlem

## DELTAKAR FRÅ BRUKARUTVALET

Inge Aareskjold Fiskvik	Leiar brukarutvalet
Hjørdis Dahle	Nestleiar Brukarutvalet

## DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Eivind Hansen	Administrerande direktør
Anne Sissel Faugstad	Viseadministrerande direktør
Clara Gjesdal	Viseadministrerande direktør
Lasse Hatletvedt	Referent

**SAKLISTE****UNDERLAG**

Sak	53/18 A	Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedlagt
Sak	54/18 A	Godkjenning av protokoll	Vedlagt
Sak	55/18 O	Administrerende direktør si orientering	Vedlagt
Sak	56/18 O	Rapport frå verksemda	Vedlagt
Sak	57/18 A	Langtidsbudsjett 2019-2023	Vedlagt
Sak	58/18 O	Budsjettprosess 2019	Vedlagt
Sak	59/18 O	Førebels handsaming utviklingsplan 2018 - 2035	Vedlagt
Sak	60/18 O	Overordna risikostyring 2018 – rapport 1. tertial	Vedlagt
Sak	61/18 O	Gjennomgang av fødsel- og barselomsorga i føretaket	Vedlagt
Sak	62/18 O	Eventuelt	
		Skriv og meldingar	Vedlagt
		- Årshjul for styret i Helse Bergen 2018	
		- Protokoll frå styremøtet i Helse Vest RHF 5. april 2018	

Styret sitt kvarter

**Lukka møte:****Saksdokumenta er unntatt offentlegheit iht. offentleglova § 18**

Sak	63/18 A	Protokoll frå <i>Sak med Bergen kommune om eigeidommar</i>	Vedlagt til styret
-----	---------	--	--------------------

**Ved starten av møtet var det eit innlegg om forskning /Charalampos Tzoulis, overlege Nevrologisk avdeling**

## **Sak 53/18 A Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **Vedtak [samrøystes]**

Innkalling og dagsorden blei godkjende.

## **Sak 54/18 A Godkjenning av protokoll**

### **Vedtak [samrøystes]**

Protokoll frå styremøte 27. april 2018 blei godkjend.

## **Sak 55/18 O Administrerande direktør (AD) si orientering**

### **1. Rapportering tilsynssaker**

Ingen kommentarar.

### **2. Orientering om relevante lover, forskrifter og styremaktkrav**

Ingen kommentarar.

### **3. Oversikt over aktuelle høyringar**

Styret ønskjer at det på oversikten kjem fram kva for høyringar som har størst konsekvens for føretaket.

### **4. Saker til oppfølging etter styremøtet**

Ingen kommentarar.

## **5. Mediesaker**

Ingen kommentarar.

## **6. Leiarstillingar i Helse Bergen**

Olav Lødemel er ny direktør på Voss sjukehus.

Håkon Nordli har sagt opp si stilling som klinikkdirektør på Nevroklinikken.

Prosess med rekruttering av ny viseadministrerende direktør og ny direktør for Forskings- og utviklingsavdelinga er i gang.

## **7. Generalforsamling i Bergen Teknologioverføring**

Bjørn Østbø er ny styreleiar i Bergen Teknologioverføring.

## **8. Slagforløp**

Helse Bergen HF og Haraldsplass Diakonale Sykehus har sendt kvar sitt notat om saka til Helse Vest for ei endeleg avgjerd om innretting av slagforløp.

## **9. Protonsenter**

Ingen kommentarar.

## **10. Statsråden besøker Floen**

Ingen kommentarar.

## **11. Status lønnsforhandlingar**

Ingen kommentarar.

## **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Bergen tar meldingane til orientering.

## Sak 56/18 O Rapport frå verksemda

### Oppsummering

Føretaket ligg denne månaden over det regionale målet om aktivitetsvekst, sjølv om vi er nærare to tusen DRG-poeng bak plantal i somatikken. Vi behandlar likevel fleire unike somatiske pasientar enn i fjor på same tid. For å hente inn det negative aktivitetsavviket, er vi enno avhengige av å auke den elektive aktiviteten framover. Den nye mottaksmodellen skapar rom for det, sidan Mottaksklinikken tar hand om fleire av øh-pasientane og skjermar spesial-einingane for øh-opphald.

I psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) er aktiviteten om lag som planlagt. Psykisk helsevern for barn og unge ligg likevel bak plan når det gjeld polikliniske konsultasjonar.

Det er berre TSB som innfrir dei regionale krava til ventetider denne månaden, og talet på fristbrot er framleis høgt. Sjølv om vi har hatt ein fallande trend når det gjeld måloppnåing for pakkeforløp for kreft, ligg vi likevel litt over landsgjennomsnittet og er nest best av regionsjukehusa i Noreg både med omsyn til inkludering og gjennomføring.

Det økonomiske resultatet per april er negativt kr 13 mill og negativt resultatavvik hittil i år er kr 44,4 mill. Ein ser at det blir vanskeleg å ta igjen aktivitet som ligg under plan. Prognose for året blir derfor sett til kr 90 mill i positivt resultat, dvs kr 20 mill i negativt budsjettavvik.

### Kommentarar i møtet

Styret stiller seg bak dei tiltaka som no er føreslått av administrasjonen med dei presiseringane som er nemnde i det tredje avsnittet nedanfor. Samtidig står styret sine merknadar frå førre møtet fast når det gjeld behov for å setje i verk fleire tiltak dersom den økonomiske utviklinga tilseier det.

Leiar for Brukarutvalet melder at mange pasientgrupper no føler på kroppen konsekvensar av omstillingane som blei sett i verk hausten 2017. Eit eksempel er omlegginga på Augeavdeling der ein opplever å ikkje få same oppfølging som før. Brukarutvalet ønskjer å samle litt pasienterfaringar og sende over til styret i samband med neste styremøte.

Når det gjeld tiltaka under punkt 3.6:

- Disponering av personell gjennom stram dag-til-dag styring for å unngå dyre løysingar.
- Vurdere strengt om det er behov for å erstatte personell som er fråværande.

I kommunikasjonen bør ein ikkje bruke omgrepet *stram* styring, men heller *meir medviten* styring. Fylgjeleg bør det òg stå *vurdere medvite*, ikkje *vurdere strengt*.

### **Til oppfølging**

Styret ber om å få meir statistikk om stryking frå operasjonsprogram fordelt på avdelingsnivå.

Styret ber om å få ei orientering om kapasitet og utdanning av spesialsjukepleiarar.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret tar saka til orientering.

## **Sak 57/18 A Langtidsbudsjett 2019-2023**

### **Oppsummering**

Helse Bergen HF har tidlegare utarbeidd langtidsbudsjett for perioden 2018-2022, vedtatt av styret i mai 2017. Helse Vest RHF har bedt om at langtidsbudsjettet blir rullert og revidert for perioden 2019-2023.

Langtidsbudsjettet er bygd på gjeldande strategiar, utviklingstrekk frå utviklingsplanen som er under arbeid og med utgangspunkt i føresetnader gitt frå Helse Vest RHF.

Strategiplan for 2017 – 2022 blei vedtatt av styret i Helse Bergen HF 19. juni 2017, sak 58/17. Analyser og mål i Nasjonal helse- og sykehusplan, Helse2035 og andre førande dokument, ligg til grunn for strategien. Det er i gang arbeid med ny utviklingsplan for perioden fram til 2035, denne skal etter oppdatert plan behandlast i styret i september 2018. I samband med dette arbeidet, er ulike analyser utarbeidd med omsyn til utviklingstrekk i demografi, sjukdomsutvikling, behov for personell og areal mv. Det er i langtidsbudsjett for 2019-2023 tatt omsyn til utviklingstrekk som er avdekte i arbeidet med utviklingsplanen. Sidan dette arbeidet ikkje er avslutta vil det vere behov for revidering av langtidsbudsjettet neste år med bakgrunn i vedtatt utviklingsplan.

Langtidsbudsjettet omfattar drifts-, finansierings- og investeringsbudsjett på føretaksnivå. Alle einingar har utarbeidd budsjettnotat med vurdering av endring i behov for sine tenester, vurdering av tilgjengeleg kapasitet og kapasitetsutnytting og nødvendige interne omstillingar for å hente ut kvalitative og økonomiske effektar. Budsjettnotata er drøfta med dei lokale tillitsvalde og med lokal verneteneste.

### **Kommentarar i møtet**

Styreleiaren peika på at det samla bildet for sjukehuset er godt med ein god balanse mellom drift og investering. Ein strategi med ein gradvis oppgradering av bygningsmassen og vedlikehald av utstyrsparken har fungert godt for Helse Bergen. Ei betring på ein prosent av driftsresultatet, slik som det ligg til grunn for

langtidsbudsjettet, er ein føresetnad som verkar rimeleg. Modellen i Helse Vest med at overskotet frå drifta blir halden igjen i helseføretaka har vist seg å vere god.

Viktig å få synleggjort gevinstante av investeringane framover, inkludert kva nye bygg bidrar til når det gjeld reduserte driftskostnadar. Ein bør også sjå på kva for grep føretaket kan gjere for både å påverke og ta høgde for endringar i ISF-systemet framover.

Det ligg eit stort potensiale i digitalisering og det må vere ei bevisst prioritering av desse satsingane slik at ein oppnår god effekt på kvalitet og effektivitet.

Representantane for dei tilsette ønskjer å prioritere meir til drift i langtidsbudsjettet. Dei kom med eit framlegg om å kutte 150 millionar kroner årleg av investeringsbudsjettet i perioden 2019-2023 og overføre det til drift. På spørsmål om kva investeringar som då ikkje skal prioriterast, viste dei til punkt 2 i framlegget sitt

### **Vedtak [mot fire røyster]**

1. Styret i Helse Bergen HF vedtar langtidsbudsjett for Helse Bergen HF for 2019-2023 i samsvar med framlegg frå adm. direktør.
2. Langtidsbudsjettet må justerast i tråd med utviklingsplanen som skal behandlast i styremøte 27. september 2018.

**Styremedlemene Irene Hopsdal, Arvid Langeland, Karen-Anne Stordalen og Linda Karin Gangstøe la fram eit alternativ framlegg til vedtak.**

### **Alternativt framlegg til vedtak [ikkje vedtatt]**

1. Styret i Helse Bergen bed om ein reduksjon i budsjettert driftsresultat på 150 mill. kr for kvart av åri, slik at det vert 10 mill. kr i 2019, 50 mill. kr i 2020, i 2021, i 2022 og i 2023.
2. Styret bed om at det vert lagt fram eit revidert langtidsbudsjett tufta på denne føresetnaden.
3. Langtidsbudsjettet må dessutan justerast etter utviklingsplanen som skal førehavast i styremøte den 27. september 2018.

## **Sak 58/18 O Budsjettprosess 2019**

### **Oppsummering**

Med bakgrunn i erfaring frå budsjettprosessar tidlegare år og dei økonomiske utfordringane sjukehuset står framføre, vil arbeidet med budsjett 2019 bli sett i gang

allereie i vår. Helse Bergen har utfordringar med å nå budsjettert resultat i 2018, mellom anna på grunn av eit noko høgt aktivitetsbudsjett. Dette er ei utfordring fleire einingar vil dra med seg inn i 2019 om det ikkje blir sett i verk korrigerande tiltak tidleg nok. Leiinga ser det derfor som svært viktig å ha fokus på korrigerande tiltak tidleg og med eit meir langsiktig fokus inn mot 2019.

Einingane vil få tildelt sine budsjetterrammer for 2019 medio juni, mot tidlegare år medio september. Dette vil gi betre tid og handlingsrom for gode analyser og vurderingar av alternative tiltak det kan vere nødvendig å setje i verk. Det vil også gi rom for breiare involvering og betre dialog både med tilsette, leiarar, tillitsvalde og vernetenesta.

Det er også lagt opp til ein meir omfattande gjennomgang og kvalitetssikring av aktivitetsplan og tilhøyrande inntektsbudsjett.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Bergen HF tar gjennomgang av tidsplan for budsjett 2019 til orientering.

## **Sak 59/18 O Førebels handsaming utviklingsplan 2018 - 2035**

### **Oppsummering**

Nasjonal helse- og sykehusplan (Meld. St. 11 2015-2016) legg til grunn at alle helseføretak skal utarbeide utviklingsplanar. Ein utviklingsplan skal gi føringar for korleis føretaket skal utvikle seg for å kunne møte dei framtidige behova for helsetenester innanfor dei rammene som ligg for verksemda.

Arbeidet med utviklingsplanen for Helse Bergen HF har vore organisert som eit prosjekt, og styret har blitt involvert ved at utviklingsplanen har vore på sakskartet på fleire av styremøta i prosjektperioden.

Planen er no sendt på høyring til kommunane og andre samarbeidspartar, og styret skal behandle den ferdige planen i møtet 27. september 2018.

### **Kommentarar i møtet**

Styret er generelt godt nøgd med det arbeidet som så langt er gjort med utviklingsplanen.

Det bør stå noko meir om kva ein ønskjer å oppnå på dei ulike områda i utviklingsplanen. Samanhengen mellom dei overordna måla og dei ulike tiltaka må og vere tydelegare.

Ein kan skrive meir om kva for tiltak føretaket vil setje i verk for storbrukarane. Styret saknar også noko meir omtale av lærlingar og beredskap i utviklingsplanen.

Føretaket kan i framtida ikkje rekne med å få økonomiske ressursar til å gjere ting på same vis som i dag. Det vil krevje meir fleksibilitet når det gjeld korleis ressursane blir utnytta, til dømes gjennom ei betre utnytting av potensialet i tariffavtalane når det gjeld arbeidstid.

#### **Vedtak [samrøystes]**

Styret tar utkastet til utviklingsplan 2035 for Helse Bergen HF til orientering.

### **Sak 60/18 O Overordna risikostyring 2018 – rapport 1. tertial**

#### **Oppsummering**

Styret i Helse Vest vedtok i styresak 14. desember 2017 fire felles styringsmål med delmål for risikostyring i Helse Vest for 2018 (styresak Helse Vest 125/17 og styresak Helse Bergen 09/18).

Dei fire felles styringsmåla gjeld pasienttryggleik, HMS-arbeid, reduksjon i ventetider og høgare vekst i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling enn i somatikk («den gylne regel»).

#### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Bergen tar 1. tertialrapport risikovurdering av utvalde styringsmål 2018 til orientering.

### **Sak 61/18 O Gjennomgang av fødsel- og barselomsorga i føretaket**

#### **Oppsummering**

Tal frå Norgesstatistikken viser at Helse Bergen HF leverer fødselshjelp av god kvalitet på nivå med dei andre helseregionane. Kvinneklinikken ved Haukeland universitetssjukehus (HUS) har, slik dei andre sjukehusa i helseregion vest, eit markert avvik i forhold til resten av fødeavdelingane i landet ved at talet på keisarsnitt er lågare.

Ein stor del av variasjonen kan forklarast ved ulikskap i fødepopulasjonen fordi det er ein låg del kvinner med risiko for gjentatt keisarsnittforløyising. I tillegg overfører HUS ein del planlagde keisarsnitt til Voss sjukehus, som dermed får ein høg prosentdel planlagde keisarsnitt. Helse Bergen kan også vise til gode tal og ein positiv utvikling når det gjeld andre kvalitetsindikatorar innanfor fødselshjelp.

Administrerande direktør vurderer fleire tilnærmingar for å støtte opp under vidare kvalitetsutvikling av fødetilbodet i Helse Bergen HF.

- Gjennomføre brukarundersøkingar for å i større grad forstå kva som er viktig for pasientane
- Tiltak for å auke kommunikasjonskompetansen i avdelinga
- Tiltak for å utvikle systematisk verktøy til bruk i samval
- Etterspørje resultat av dei systematiske gjennomgangane av synergisaker

### **Til oppfølging**

Styret ønskjer å få vite meir om utviklinga i jordmorbemanninga på Kvinneklinikken.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret tar saka til orientering, og ber om å bli halde oppdatert om arbeidet.

## **Sak 62/18 O Eventuelt**

### **To saker til oppfølging:**

Det går eit regionalt prosjekt om kreftkirurgi og arbeidsdeling mellom føretaka. Styret ber om å få ei nærare orientering om dette arbeidet.

Styret ønskjer å få vite meir om utvikling i årsverktal generelt og særleg knytt til innføring av den nye mottaksmodellen.

### **Saksdokumenta er unntatt offentlegheit etter offentlegheitslova § 18**

Sak 63/18 A Protokoll frå *Sak med Bergen kommune om eigeidommar*

### **Vedtak [samrøystes]**

Protokoll frå *Sak med Bergen kommune om eigeidommar* blei godkjend.

Dato: 20. juni 2018

Svein Gjedrem	Styreleiar
Signy Midtbø Riisnes	Nestleiar
Sett: Per Karlsen	Medlem
Bjørn Østbø	Medlem
Rolf Martin Tande	Medlem
Mona Haugland Hellesnes	Medlem
Ann-Margrete Bollmann	Medlem
Arvid Langeland	Medlem
Karen-Anne Stordalen	Medlem
Irene Hopsdal	Medlem
Linda Karin Gangstøe	Varamedlem
Sett: Geir Arne Sunde	Medlem